



Masfjorden kommune

5981 MASFJORDNES

Dato: 05.12.2014
Vår ref.: 2014/19337-21
Saksbehandlar: irekron
Dykkar ref.:

Underretting om tildeling av tilskot - opne søknader hausten 2014 Tilskot til Bjørn West-museet i 2014

Det vert vist til dykkar søknad om tilskott til Bjørn West-museet i 2014.

Hordaland fylkeskommune, Kultur- og ressursutvalet, handsama søknaden dykkar på møte den 02.11.2014, sak 169/14. Det vart vedteke å tildele dykk **kr 15.000,-** i tilskott.

Opne søknader som kjem inn til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga og som ikkje er retta mot ei spesiell søknadsordning vert samla opp og handsama i samsak ved avslutninga på kvart semester.

I sak 169/14 vart det handsama 14 opne søknadar med ein total søknadssum på 1 477 000 kroner. Det var 1,25 million kroner til rådvelde for Kultur og ressursutvalet på budsjettet for 2014, og det har gjennom tidlegare tildelingar vore løyvd til saman 1 025 000 kroner, og det sto såleis att 229 000 kroner til fordeling no.

Grunngjeving

Hordaland fylkeskommune har eit regionalt kulturansvar, dvs. at vi gir stønad til kulturtiltak som har verdi for heile fylket eller store delar av det. Det vart såleis lagt vekt på desse momenta (i uprioritert rekkefølge):

- I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket
- I kva grad tiltaket har verdi for kulturlivet i større delar av fylket
- I kva grad er tiltaket nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt
- Om tiltaket kan kopla saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers
- Dokumentarisk verdi
- Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad
- Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet
- Fordeling av midlane i høve geografi og sjanger

Det er tilrådd stønad til prosjekt som fylkesrådmannen meiner har eit regionalt perspektiv og betydning og som står opp under visjonen for Hordaland fylkeskommune sin kulturpolitikk. I følgje fylkesplanen har fylkeskommunen ei særleg oppgåve i å kopla saman aktørar, etablere partnerskap, skape møteplassar og støtte infrastruktur.

For nærare informasjon og grunngjeving vert det vist til [saksframlegg](#) og Kultur- og ressursutvalet sitt [vedtak](#)

Utbetaling

Tilskott vil bli utbetalt dykkar konto 3201.48.54958.

Tilsegnsnittakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskott skal betalast attende snarast.

Vilkår for tilskottet

Tildelinga byggjer på følgjande føresetnadar:

- Tilskottet skal nyttast som skildra i søknaden.
- Tilsegnsnittakar skal rapportere i samsvar med pkt. 5 under og medverke til eventuell kontroll jfr. pkt. 6.
- Dersom det skal gjennomførast arrangement som krev billett må tilsegnsnittakar akseptere og nytte ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følgje.
- Gjennom aktiviteter, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskottsgjevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/logo>

Rapportering /rekneskap

Tilsegnsnittakar skal varsle fylkeskommunen om vesentlege endringar knytt til planar og gjennomføring. Rapport med eit enkelt rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga, når tiltaket/prosjektet er avslutta og seinast innan 6 månader etter prosjektslutt. At rapportering er gjennomført vil mellom annan vera eit vesentleg omsyn ved vurderinga av eventuelle seinare søknadar.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegnet. Tilskottsmottakar plikter å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor opplysningar/dokument som dei finn påkrevd for sin kontroll og elles medverke til gjennomføringa av denne.

Brot på vilkåra

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane førast attende til fylkeskommunen.

Dersom det ligg føre vesentlege brot på vilkåra kan vedtaket om tildeling verte gjort om heilt eller delvis. Midlane kan i så tilfelle krevjast ført attende heilt eller delvis.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over og årsaka til at det vert klaga.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B Skaar
seksjonsleiar/utviklingssjef

Sakshandsamar: Tone Stedal Haugland

